



# Felles tiltakstrategi for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Hallingdal 2024-2027



## Innhald

Jordbruket i Hallingdal	3
Søknadsfristar og innhold i søknad	4
Satsar for budsjett	5
Arbeidsfrist - utbetaling	6
Prioriteringar	7
Lokale utfordringar, behov og målsettingar	9
Retningsliner	12
Regelverk og føringar	18



## Jordbruket i Hallingdal

Det er ei nasjonal målsetting å drive eit klimatilpassa jordbruk med reduserte klimagassutslepp, mindre forureining og ivaretaking av kulturminne og -landskap. Jordbrukssektoren har eit sjølvstendig ansvar for å ta i vare miljøområdet. Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) har lenge vore eit verkemiddel for å stimulere til ivaretaking av kulturlandskapet og unngå forureining. Tilskot i denne ordninga skal gå til miljøtiltak som er utover det ein kan forvente av vanleg jordbruksproduksjon.

Hallingdal er ein fjellregion. 70 % av alt areal ligg over 900 meter over havet og 2 % er jordbruksareal.

*Jordbruksareal i dekar for Hallingdal (NIBIO 2023), samt omsøkt areal i produksjonstilskot (Landbruksdirektoratet 2023)*

Arealtype	Areal i daa	Omsøkt areal i PT
Fulldyrka	74 638	67 297
Overflate-dyrka	4 226	3 750
Innmarks-beite	54 610	41 677

Hallingdal har eit særegne kulturlandskap som er tett knytt opp til fjellet og stølsdrift. Hovudtyngda av jordbruksproduksjonen er husdyr og grasproduksjon. Mesteparten av SMIL-midla har gjenge til tiltak i kulturlandskapet, enten til rydding og gjerding eller til restaurering av verneverdige bygningar. Framover vil kommunane i Hallingdal legge

til rette for meir tilskot til miljøtiltak knytt til forureining.

Hallingdal har eit mangfoldig jordbruk, der hovudtyngda er husdyr og grasproduksjon.

I 2023 var det 509 føretak i Hallingdal.

Kommune	Tal føretak
Hol	71
Ål	142
Hemsedal	65
Gol	89
Nesbyen	78
Flå	25

Hovudtildeling SMIL-tilskot i 2023:

Kommune	Kroner
Hol	450 000
Ål	1 500 000
Hemsedal	300 000
Gol	500 000
Nesbyen	300 000
Flå	300 000



## Søknadsfristar og innhold i søknad

Søknadsfrist for SMIL-tilskot:

**1. mars og 20. august.**

Søknaden sendast inn elektronisk via Altinn  
(bruk søkemotoren med desse stikkorda:  
*SMIL søknad Altinn*)

Det forventast at søknaden inneheld:

- Kva skal gjerast?
- Skildring av tilstanden til arealet/ bygningen eller liknande
- Omriss i kart - leggast ved søknaden
- Korleis tiltaket skal gjennomførast (metode, materiale og liknande)
- Kven som skal utføre tiltaket
- Forklar kvifor tiltaket vil fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og/eller redusere forureininga
- Enkel framdriftsplan for oppstart og avslutting
- Kostnadsoverslag
- Finansieringsplan med opplysningar om det er søkt om tilskot andre stadar til same tiltak

Ryddesøknadar:

- legg ved gyldig gjødselplan og eventuelt journal over plantevernmiddel.
- Søker som grunneigar uten føretak: legg ved leigetakars gjødselplan

**Kven kan søke?**

- Grunneigar uten produksjon
- Leigertakar kan søke på leigd eigedom, legg ved skriftleg samtykke frå grunneigar.

Om det er eit fellestiltak skal ein deltarar stå som ansvarleg søker og sende inn søknaden på vegne av alle deltarane med skriftleg fullmakt.

Eige arbeid skal dokumenterast med tímeliste med oversikt over forbrukt time over manuelt arbeid og maskinelt arbeid.

Tiltaket skal i hovudsak ikkje vere starta på før søknaden er handsama.  
Rydding av innmarksbeite kan startast på om det har vore ein dialog med kommunen på førehand.



## Satsar for budsjett

### Ryddetiltak

For å sikre likeins handsaming er det satt satsar for eigeninnsats og arbeidstimar.

Type arbeid	Sats
Manuelt eige arbeid	350 kr/t
Eige arbeid med motorsag/ ryddesag	500 kr/t
Førar + traktor og reiskap	900 kr/t
Førar + gravemaskin under 8 tonn	900 kr/t
Førar + gravemaskin over 8 tonn	1200 kr/t

### Estimering av tid

Type arbeid	Timar/daa
Manuell rydding (klipping/ motorsag)	20
Maskinell rydding (krattnusing)	1,6

### Gjerdearbeid

Type arbeid	Sats
Gjerdearbeid - greitt terren	85 kr/m
Gjerdearbeid - vanskeleg terren	100 kr/m

### Gjerdemateriell

Type gjerdning	butikkpris
Stolp	butikkpris
Kramper	butikkpris

### *Eksempel på budsjettering*

#### *- arbeid med rydding:*

- 1 daa ryddast til beite med motorsag:

$$1 \text{ daa} \times 20 \text{ timer} \times 500 \text{ kr/t} = 10000 \text{ kr}$$

- 1 daa ryddast med krattnusar:

$$1 \text{ daa} \times 1,6 \text{ timer} \times 1200 \text{ kr/t} = 1920 \text{ kr}$$

### Restaurering av bygningar

SMIL-tilskot til restaurering av bygningar er til utvendige tiltak:

- Pipe over tak
- Vindauge som skal restaurerast

Det kan førekome spesielle høve der det finnast unntak.

Restaurering skal skje etter antikvariske prinsipp.

Godkjente kostnadar	kr/t
Innleigd firma	Tilbod
Eigeninnsats	350
Eigeninnsats med fagkompetanse	450



## Arbeidsfrist - utbetaling

**Arbeidsfrist: 3 år** frå tilskotet blei løyvd.

Fristen kan forlengast med 2 år etter skriftleg søknad. Maksimal gjennomføringstid er 5 år.

Førespurnad om sluttutbetaling skjer via Altinn der fylgjande dokumentasjon skal føreligge:

- Rekneskap med dokumentasjon av utgifter
- Opplysningar om finansieringar frå andre ordningar
- Timelister over eige arbeid
- Bilde av tiltaket

Opplysningsane skal leggast inn i malen for rapporteringsskjema som Landbruksdirektoratet.

I tillegg må kommunen kontaktast for å avtale synfaring for sluttgodkjenning av tiltaket.

### Delutbetaling

Kommunen kan utbetale inntil 75 % av tilskotet etter kvart som tiltakshavar dokumenterar utgiftene til godkjente tiltak. Bilde er ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon, då det ikkje viser utgiftene godt nok.



## Prioriteringar

Lokale utfordringar, behov og målsettingar blir lagt til grunn for prioriteringar for tildeling av tilskot. Tiltak som kan nå måla for ordninga vil kunne støttast. Oversikten s. 8 er med andre ord ikkje uttømmande. Relevante tiltak vil kunne få tilskot i tråd med forskrifa og kommunens tiltaksstrategi.

Overordna retningsliner:

- Søknadane blir prioritert ut frå prioriteringa som vist i tabellen under/på side 8.
- Om det er behov for ytterlegare prioriteringar, vil aktive landbruksforetak bli prioritert.
- Det blir ikkje løyvd tilskot til maskiner og anna laust teknisk utstyr.
- Kommunane kan sette vilkår som er naudsynte for gjennomføring av det enkelte tiltaket.



## Prioriteringsliste

Prioritering	Hovudtype tiltak	Eksempel på tiltak	Tilskotsprosent
1	Forureiningstiltak:	Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg	Inntil 50 %
		Erosjonssikring av elv- og bekkekant	Inntil 70 %
		Flom-dempande tiltak i mindre skala	
		Tiltak for å redusere eller hindre avrenning fra husdyrgjødsel i kve/samleplassar for beitedyr, avrenning fra rundballar mm	Inntil 50 % Maks 200 000 kr
2	Kulturlandskapstiltak: Biologisk mangfald	Tiltak for å ivareta truga artar, utvalde naturtypar og prioriterte artar.	Inntil 70 %
		Fjerning av fremmande artar	Inntil 70 %
		Rydding og gjerdning av innmarksbeite	Inntil 50 %
3	Kulturlandskapstiltak: Kulturminne og kulturmiljø	Skjøtsel, vedlikehald og restaurering av: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Verneverdige bygningar</li> <li>▪ Rydningsrøyser og steingjerder</li> <li>▪ Gamle vegtrasear og bufarvegar</li> </ul>	Inntil 40 %
4	Forureiningstiltak: utslepp til luft	Eingongstiltak som reduserer utslepp av ammoniakk og klimagassar	Inntil 50 %
		Permanent dekke over eksisterande gjødselkummar for å redusere utslepp av ammoniakk og klimagassar	
5	Planlegging og tilrettelegging	Større, heilsaklege miljøprosjekt over større område og med fleire aktørar, for eksempel i knytt til eit vassdrag. I nokon tilfelle geo-teknisk utredning dersom det er naudsynt før gjennomføring av miljøtiltak.	Eingongstilskot med inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag.
6	Kulturlandskapstiltak: Friluftsliv og tilgjenge	Etablering, utbetring, rydding og vedlikehald av stiar og turvegar i jordbruksområde. Tilskot kan gjevast til investering i åtkomst, portar, gjerdekklyv og anna tilrettelegging	Inntil 50 %

# Lokale utfordringar, behov og målsettingar

## Forureining frå jordbruket

### Avrenning til vatn og vassdrag

Jordbruk er registrert som ein av dei tre viktigaste årsakene til at vassførekommstar i Vassområde Hallingdal ikkje oppnår miljømålet om god økologisk og kjemisk tilstand. Dei to andre årsakene er vasskraftutbygging og spreidd avløp. I all hovudsak er diffus avrenning årsaka til negativ påverknad på vassmiljøet frå landbruk, samt i enkelte tilfelle punktavrenning. God gjødselpraksis, inkludert å ha god nok lagerkapasitet til gjødsel og gode funksjonelle kantsoner mot vassdrag, er viktige tiltak for å redusere avrenninga av fosfor til vassdraga. I tillegg bør jordbruksdrift som inkluderer intensiv utegang ha tiltak som samlar opp gjødsel, slik at den ikkje reiser rett i bekkene med snøsmeltinga om våren.

Generelt har størsteparten av vassforekomstane i Vassområde Hallingdal god økologisk tilstand, men nokre vassførekommstar har ikkje dette. Desse finnes for eksempel i jordbruks- og stølsområde i Votndalen (Ål), Myking (Nesbyen), Skårsrudvatnet (Nesbyen), Storevatn (Hemsedal), Lauvdøla (Hemsedal), Søråsen (Gol), Skriu (Hol) og Holsfjorden (Hol). Det er viktig å her nemne at det ikkje berre er jordbruk som påverkar desse vassførekommstane negativt, men også spreidd avløp frå hus og hyttar og kommunalt avløp.

Klimaendringar, auka temperaturar og oftare og meir intense nedbørsmengder

fører til auka risiko for erosjon og avrenning av plantenæringsstoff. Det er god agronomi og økonomi å halde jord og næringsstoff der den skal vere. Regionalt miljøprogram (RMP) kompenserer for ulempene ved å gjennomføre årlege miljøtiltak. SMIL-tilskot skal bidra til miljøtiltak utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift.

Å gje SMIL-tilskot til tiltak som reduserer avrenning av næringsstoff frå jordbruket til vassførekommstar i moderat tilstand har høg prioritet.

### Utslepp til luft

Gjødsellager frå husdyrgjødsel er kjelde til utslepp av ammoniakk, samt drivhusgassar som metan og i nokon grad også lystgass. Avsetting av ammoniakk i jord og vatn vil kunne dannast om til nitrat og vidare til lystgass. Dekke over gjødselkummar er eit godt tiltak for å redusere utslepp. I dag er det ingen krav om dekke i gjødselvareforskrifta. Eit slikt tiltak vil vere ut over det ein kan forvente av vanleg jordbruksproduksjon.

Utviding av gjødsellager til 10 månadar lagerkapasitet kan bidra til meir fleksibel tidspunkt av spreiring av husdyrgjødsel. På den måten kan ein redusere faren for jord-pakking og tap av næringstoff. Innovasjon Norge gjer tilskot til gjødsellager. SMIL-tilskot kan gje støtte til dekke over eksisterande gjødsellager.

Vassmetta jordbruksjord kan vere kjelde til drivhusgassane lystgass og metan. Ved endring av nedbørsmengdene på grunn av klimaendringa, vil det føre til auka utslepp av drivhusgassar der vatnet blir ståande i jorda. Dreneringstiltak vil redusere utsleppa frå vassmetta jord. Drenering har eigen forskrift og tilskotsordning. Tiltak knytt til drenering som er synlege over jorda, kan søkast om i SMIL-ordninga.

### Auka karboninnhald i jordbruksjord

På den nordlege delen av jorda lagrast karbonet i stor grad i jordsmonnet. Jordkarbon er viktig for å regulere klima, og det bidreg til viktige økosystemtenester som motstand mot erosjon, god vasshushaldning, fruktbart for planter og biologisk mangfold i jord. Bio-kol har stort karbonbindingspotensiale, og kan bidra til auka vasslagringsevne (der det er utsett for tørke), betre nyttegraden av næringsstoff og auke biomasseproduksjonen. Bio-kol er ikkje vanleg i jordbruket endå. Auka bruk av kompost og komposting er tiltak for å auke organisk materiale i jorda. Kompost bidreg til betre jordhelse i form av auka jordliv, samt tilførsel av næringsstoff.

Tiltak for å auke jordkarbonet er i dei fleste tilfelle gjennom drift, og vil sjeldan vere omfatta av SMIL-ordninga. RMP har ordningar for denne typen tiltak.

## Lokale utfordringar, behov og målsettingar

### Kulturlandskap og tilgjenge

Hallingdal har mange turstiar. For å auke tilgjenge for ålmenta og knytte kulturlandskap saman, kan det gjevast tilskot til tilrettelegging av stiar, samt halde gamle bufarvegar opne.

### Kulturminne og kulturmiljø

Definisjonen på eit kulturminne er: Alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Det finnast med andre ord veldig mange kulturminne her i Hallingdal.

Nesbyen, Gol har kulturminneplan. Å kommune kunne ha nytte av det, men det ser ikkje ut til å kunne prioriterast innanfor strategien sin varigheit.

Riksantikvaren har registrert Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) og laga rettleiar for korleis forvalte desse områda. Rettleiaren finnast på Riksantikvaren sitt vitenarkiv. I Hallingdal er det valt ut 6 landskap:

1. Joleim – Grøthe (Hemsedal)
2. Stølar i Ål (Ål)
3. Leveld (Ål)
4. Vassfaret (Flå)
5. Bergensbanen og Rallarvegen (Hol)
6. Dagali – Seterdalen (Hol og Nore-Uvdal)

I tillegg er Leveld eit Utvalt KulturLandskap (UKL) med eigen tilskotsordning. Utvalte kulturlandskap er valt ut av Riksantikvaren, Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

Hallingdal har også fleire områder som er registrert som verdifulle kulturlandskap. Sjå Naturbase.no eller kilden.nibio.no for å sjå kva for område det gjeld.

Tiltak innanfor KULA-, UKL-områder eller verdifulle kulturlandskap, der det i tillegg føregjeng jordbruk med rett til produksjons tilskot på eigedommen, vil bli prioritert i SMIL-ordninga.



## Lokale utfordringar, behov og målsettingar

### Biologisk mangfald

Kulturlandskapet i Hallingdal har mange naturtyper med rikt biologisk mangfald. I Naturbase er det registrert 332 lokalitetar i Hallingdal med naturtyper knytt til jordbruket.

Kulturlandskap er eit landskap som er påverka av menneskeleg aktivitet over lang tid. I denne samanheng meiner ein verdifulle jordbruksareal, skapt av langvarig, tradisjonell jordbruksdrift. SMIL-ordninga kan gå til å sette i stand jordbruksareal. I Hallingdal har vi fleire slåttemarker, slåttemyrrar og naturbeiteenger. Slåttemarker og -myrrar er utvalte naturtypar med eigen forskrift og tilskotsordning for ivaretaking. Sjå Naturbase.no eller kilden.nibio.no for oversikt i dei enkelte kommunane.

I Norge er fleire av naturtypene knytt til jordbruket, raudlista. Den gamle slåttemarka er kritisk truga. Mykje av grunnen til det er fordi driftsforma har endra seg og slåttemarka blir sjeldan slege som før. Slåtmark og slåttemyr er utvalte naturtyper med eiga forskrift. Tilskot til trua og utvalte naturtyper kan søkast om i Miljødirektoratets søknadssenter. Frist er vanlegvis rundt 15. januar. I tillegg kan det søkast om dette i SMIL-ordninga.

Seminaturleg eng (definisjon på naturbeiteeng og andre naturtyper som er prega av lang tids hevd) og boreal hei (naturtype knytt til beiting i utmark) er

**Framande artar** er ikkje eit veldig stort problem i Hallingdal, samanlikna med andre landsdelar. Hagerømlingar spreiar seg raskt i naturen og tek ikkje omsyn til eigedomsgrenser. Med endringar i klima, vil framande artar spreie seg raskare og meir enn vi har sett fram til i dag.

Tilskot gjennom SMIL-ordninga må vere på produsjonstilskotsberettiga landbrukseigedom. Er framande artar eit problem der, kan det søkast om tilskot til å fjerne dei.



## Retningsliner

### § 4 Planlegging og tilrettelegging

Tilskot til planlegging og tilrettelegging er for prosjekt som gjeng føre over eit større område. Det kan vere kulturlandskapstiltak i ei grend eller tiltak i eit vassdrag med därleg økologisk tilstand. Kjenneteiknet er at det er fleire grunneigarar som må involverast i prosjektet.

Denne typen prosjekt kan vere krevjande å starte opp og gjennomføre. God planlegging er naudsynt for å få eit heilskapleg og samordna resultat. Denne typen prosjekt bør leie fram til gode og konkrete kulturlandskaps- og forureiningstiltak.

#### Vilkår:

- Samarbeid mellom minimum 2 tiltakshavarar
- Må føre fram til konkrete tiltak nemnt i § 5
- Søknad må innehalde kostnadsoverslag for planlegging, organisering og prosjektarbeid

### § 5 Kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak

#### Kulturlandskap

##### Rydding og gjerding av innmarksbeite

Det kan gjevast tilskot til rydding og gjerding til innmarksbeite, ikkje berre til gjerding. Det er mogleg å söke tilskot til NoFence, i staden for gjerding, men det same kravet om rydding er gjeldande.

Ta kontakt med kommunen før du søker. Ved rydding kan det godt stå att klynger med tre, men det er viktig at det kjem solljos til bakken for at karakteristiske beiteartar kan etablere seg.

#### Vilkår:

- Set gjerne att krullar med tre for ly til dyra, med minsteareal på 4 daa innmarksbeite
- Kvist skal leggast i haug
- Arealet skal haldast oppe i 5 år
- Arealet kan søkast på nytt etter 10 år



## Retningslinjer

### § 5 Kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak

#### *Biologisk mangfold*

Tiltak som tek vare på biologisk mangfold kan løvvast tilskot. Aktuelle tiltak kan vere restaurering, utbetring og skjøtsel av område gjennom slått, styving eller anna form for hausting av gammal kulturmark.

#### *Vilkår:*

- Området må vere kartlagt som verdifull etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruksar (Metodikkane Håndbok 13 eller NiN) og ligge inne i Miljødirektoratet sin kartbase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).
- Arealet skal haldast i hevd i 5 år etter ferdiggodkjenning
- Området skal ikkje få tilført kunstgjødsel

#### *Tiltak for å ivareta truga artar, utvalde naturtypar og prioriterte artar*

Det kan gjevest tilskot til truga naturtypar knytt til kulturlandskapet. Dei utvalde naturtypane slårte eng og slåttemyr har eigne målretta handlingsplanar og eigne tilskotsordningar. Naturtypane knytt til kulturlandskapet er avhengig av rydding, slått eller beite for å bli ivaretake.

#### *Vilkår:*

- Om arealet blir slått, skal slåtten utførast etter blomstring



## Retningslinjer

### § 5 Kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak

#### *Pollinatorvennlege tiltak*

Gjennom aktiv skjøtsel av kulturlandskapet og tilrettelegging for pollinatørar i jordbruksområdet kan gardbrukarane bidra til å sikre leveområde for pollinerande insekt. Variert landskap og eit mangfald av naturtypar med tilgang til eigna yngleområde, oppvekstområde og mat er avgjerande for at pollinatørar skal klare seg. Kantsoner, slåttemark og naturbeitemark er eksempel på område som er viktige for pollinatørar. Stort mangfald i planteartar gjer eit stort mangfald i insekt.

#### *Vilkår:*

- Tiltaket må ligge på landbrukseigedom

#### *Fjerning av fremmede artar*

Fjerning av fremmede artar i jordbruksområdet kan vere tiltak som bidreg til auka biologisk mangfald. Her kan organisert fjerning av lupinar vera eit aktuelt tiltak, jf. tidlegare i teksten. Dei store lupinane trengjer bort andre planter, blir ikkje beita og er ikkje brukbar til før.

#### *Vilkår:*

- Tiltaket må ligge på landbrukseigedom



## Retningsliner

### § 5 Kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak

#### *Kulturminne, kulturmiljø og verneverdige bygg*

Skjøtsel, vedlikehald og restaurering av kulturminne, kulturmiljø og verneverdige bygg kan løvvast tilskot etter kulturminnefaglege retningsliner.

Freda bygningar kjem ikkje inn under ordninga. Tiltak som kan røre ved automatisk freda kulturminne må avklarast med Buskerud fylkeskommune i god tid før gjennomføring. Ved tiltak i større samanhengande områder og kulturmiljø med automatisk freda kulturminner, bør det i samråd med fylkeskommunen vurderast å utarbeide skjøtselplanar.

#### *Vilkår:*

- Rapport frå bygningsvernkyndig om verneverdi.
- Bevare mest mogleg av originale element frå kulturminnet eller eigenarten til kulturmiljøet og heilskapen.
- Gjere så få endringar som mogleg, reparer framfor heil utskifting.
- Bruke tradisjonelle, stadlege materialar, handverksteknikkar og fargar.

#### *Friluftsliv og tilgjenge*

Det kan innvilgast tilskot til tiltak som legg til rette for tilgjenge og opplevingar i kulturlandskapet som held landskapet opne. Tiltaket skal ikkje ha store negative effektar for landskap eller kulturminne/miljø. Ordninga omfattar ikkje stiar/turvegar i skog og utmark, om det ikkje lagar ein god heilskapleg løysing som knyt saman fleire kulturlandskap.

Tiltak som kan støttast er etablering, utbetring, rydding og vedlikehald av stiar og turvegar der det er ynskjeleg med tilgjenge for allmennhetta. Det kan og løvvast tilskot til merking og utarbeiding av enkel informasjon.



# Retningslinjer

## § 5 Kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak

### *Avrenning til vatn og vassdrag*

Tiltak for å redusere jordbruksforureining eller risiko for forureining, kan få tilskot. Det kan omhandle tiltak som reduserer erosjon og tap av jord, næringsstoff og plantevernmidlar.

Merk at alle tiltak i knytt til vassdrag i utgangspunktet skal søkast om hjå

Fylkeskommunen og/eller Statsforvaltaren jf. *Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag* og i tillegg meldast til NVE. Nokon tilfelle skal på høyring til NVE, difor er det viktig å planlegge tiltak i god tid, helst i dialog med kommunen under vefs.

### *Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg, kummar m.m.*

Formålet er å redusere risikoen for erosjon og avrenning av næringsstoff og jordpartiklar. Tiltak skal vere i eller i tilknyting til jordbruksareal og/eller i vassløp.


Vanleg drenering/grøfting, samt avskjeringsgrøfter fell utanfor SMIL-ordninga. Desse tiltaka fell inn under dreneringsordninga når det inngår som ein del av søknaden om drenering/grøfting. SMIL-tilskot nyttast til vedlikehald og reperasjon av dei hydrotekniske anlegga.

### *Erosjonssikring av elve- og bekkekantar, flomdempeende tiltak mm.*

Erosjonssikring av elve- og bekkekantar kan for eksempel omfatte steinsetting i utsette parti. Flomdempende tiltak som forsinkar avrenning og som ved kraftig nedbør kan redusere flomtoppar og erosjon. Eigna tiltak kan vere fordrøyningsdammar og kvistdammar.

### *Andre tiltak*

Tiltak for å hindre avrenning frå husdyrgjødsel i utekkeve og samlelass for beitedyr, avrenning frå rundball og utvendige tallehaugar m.m. gjeld fortrinnsvis i til eksisterande driftsbygning eller driftsopplegg.



## Retningsliner

### § 5 Kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak

#### *Eingongstiltak som reduserer utslepp av klimagassar og andre forureiningar til luft*

Tiltak som vil redusere direkte utslepp av klimagassar og andre luftforureiningar fra jordbruksdrifta. Det blir ikkje gjeve tilskot til maskinelt utstyr og anna lausøyre. Tiltak kan omfatte til dømes bruk av biokol eller anlegg for kompostering i jordbruksdrifta.

#### *Tilskot til etablering av permanent dekke over eksisterande gjødselkum*

Etablering av permanent dekke over eksisterande gjødselkum vil dempe utslepp av til dømes ammoniakk, til luft. Når ammoniakk spreist i jord eller vatn, vil mikrobielle, anaerobe prosessar danne drivhusgassen lystgass. Dekke over gjødselkum er eit tiltak for å redusere direkte og indirekte utslepp av drivhusgassar. Dekke kan og vere med på å utvide lagerkapasiteten gjennom å leie vekk nedbør frå lageret. Det er krav om dekke av varig karakter tilpassa den aktuelle kummen.



## Regelverk og føringar

### FN sine berekraftsmål

FN sine medlemsland vedtok i 2015 17 globale mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla er ein arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utjevne ulikskap og stoppe klimaendringar. Prioriteringane våre skal ta klimavennlege, sosiale og økonomiske omsyn. Vi skal imøtekome ei berekraftig utvikling, utan å øydelegge for framtida. Tiltak gjennom SMIL-ordninga bidreg til å nå fleire av FN sine mål. I figuren til høgre er gjeldane berekraftsmål ramma inn med lilla.

### Forskrift 4. februar 2004 nr. 448 om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket med tilhøyrande Rundskriv 2020-12:

Nasjonalt miljøprogram 2023-2026 skal bidra til å målrette miljøarbeidet i jordbruket, synleggjere den samla miljøinnsatsen og auke forankringa av miljøarbeidet både regionalt og lokalt. Den lokale tiltaksstrategien til spesielle miljøtiltak i jordbruket er eit verkemiddel for å nå måla i Nasjonalt miljøprogram.

### Regionalt miljøprogram (RMP) 2023-2026 for Oslo og Viken

Har som mål å bidra til ein ekstra miljøinnsats til jordbruksarar i Oslo og Viken, for å ta i vare kulturlandskap og kulturelement, avgrense avrenning av jord og næringsstoff til vatn og vassdrag, auke karbonbinding i jord, jordhelse, stimulere til klimatiltak og ta vare på biologisk mangfald. For å få til ein heilsakleg

satsing på miljøtiltak lokalt er det viktig å sjå RMP- og SMIL-strategiane i samanheng. RMP-ordninga skal gje tilskot til årleg skjøtsel og vedlikehald av investeringar frå SMIL-tilskot.

Føringar frå RMP-programmet:

- Prioritere tilskot til område med dei største miljøutfordringane og prioritere tiltak som gjer god miljøeffekt.
- Føringar frå jordbruksavtala knytt til prioriteringar knytt til klima, miljø og kulturlandskapstiltak.

Tildeling frå Statsforvaltaren skjer etter desse kriteria:

- 60 % etter faste kriterie:
  - Jordbruksareal
  - Tal daa planert areal/ hydrotekniske utfordringar
- 20 % etter miljøutfordringar
  - Kommunens tiltaksstrategiar der RMP og SMIL sjåast i samanheng prioritertast
  - Særlege regionale og nasjonale miljø- og kulturlandskaps-utfordringar
  - Heilskapeleg plan for Oslofjorden/ tiltakskort
- 20 % etter aktivitet og måloppnåing:
  - Gjennomføringsgrad
  - Rapportering og innmeldt behov/ planar



## Regelverk og føringer

### *Landbrukets klimaplan 2021-2030*

Norges bondelag har saman med Bonde- og småbrukarlaget inngjekk ei avtale i 2019 med regjeringa om å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon frå jordbruksopptak i 2021-2030. Planen har åtte satsingsområde for å redusere klimagassutsleppa:

1. Utrulling av klimakalkulator og auka satsing på klimarådgjeving.
2. Meir klimavennleg og berekraftig fôring, avl og friskare husdyr.
3. Fossilfri maskinpark.
4. Fossilfri oppvarming.
5. Betre bruk av gjødsla og god agronomi.
6. Gjødsel som råstoff i industrielle biogassanlegg.
7. Jorda som karbonlager.
8. Ny kimateknologi revolusjonerer landbruksopptaket.

### *Naturmangfaldlova*

### *Nasjonal pollinatorstrategi*

- Ein strategi for levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt

### *Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter*

### *Vassforskrifta*

Hovudmålet er at vassmiljøet blir beskytta og nyttta på ein berekraftig måte. Det er mål om at alle vassførekommstar i Norge skal ha god tilstand innan 2021. Tilstanden i overflatevatn skal skjermast frå å bli

fôrringa. Tilstanden skal forbetraast og gjenopprettast med sikte på at vassførekommsten har minst god økologi og god kjemisk tilstand.

### *Regional plan for vassforvaltning i Innlandet og Viken vassregion 2022-2027*

Planen inneholder miljømål for den enkelte vassførekommst, tiltak som skal gjennomførast for at vassførekommstane skal oppnå miljømålet innan fristen, samt planretningslinjer som skal innarbeidast i kommunal planlegging for å sikre arbeidet med betring av vassmiljøet gjeng framover.

### *Vassressurslova § 11:*

Opprette naturleg kantvegetasjon  
Kantvegetasjon langs vassdrag skal i størst mogleg grad vere naturleg. Den kan ryddast for tre, men all graving langs vassdrag er søknadspliktig og rettast til Statsforvaltaren i Oslo og Viken.



<b>Kva er dei viktigaste tiltaka bonden kan gjere for å tilpasse drifta til eit endra klima?</b>		
<b>Kva</b>	<b>Kvifor</b>	<b>Tilskotsordning/Økonomi</b>
Halde avstand mellom fôringssplass og vann	Trakk fører til lite gras rundt fôringssområdet – kjelde til punktforureining av både jord og næringsstoff	
Velje optimalt tidspunkt for spreiing av husdyrgjødsel	Reduserer tap av næringsstoff, unngår jordpakking	God agronomi = god økonomi IN: auka lagerkapasitet
Gjennomtenkt køyremønster	Reduserar jordpakking og dieselforbruk	God agronomi = god økonomi
Drenering	Redusere jordpakking, rusta for styrregn, gjev betre vasshushaldning og plantevokst både ved tørke og ved store nedbørsmengder. I tillegg blir perioden for lagleg køyring forlengast.	Dreneringstilskot
Ballansert gjødsling	Gjødselmengde tilpassa forventa avling og innhald av fosfor i jorda reduserar fosfortap	God agronomi = god økonomi

**Kvifor er det viktig å tilpasse produksjonen etter klimaendringane?**

Ufordinningar knytt til ekstremvêr, tørke og auka førekost av plante- og dyresjukdommar kan redusere produktiviteten. Auka nedbørsmengder fører med seg vanskelege tilhøve for dyrking og innhausting. Skog og våtmark vil ha ein viktig funksjon for å dempe skred og flom. Samtidig kan mildare klima med meir nedbør og lengre vekstssesong gje positive endringar med auka matproduksjon og andre produksjonar.

<b>Kva er dei viktigaste tiltaka bonden kan gjere for å redusere avrenning frå partiklar og næringsstoff?</b>		
<b>Kva</b>	<b>Kvifor</b>	<b>Tilskotsordning/Økonomi</b>
Halde avstand mellom fôringssplass og vann	Trakk fører til lite gras rundt fôringssområdet – kjelde til punktforureining av både jord og næringsstoff	
Spreiing av hudyrgjødsel med nedlegging	Reduserer nitrogentap og jordpakking	RMP
Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselslange	Reduserer tap av næringsstoff, unngår jordpakking	RMP God agronomi = god økonomi IN: auka lagerkapasitet
Bruk av biokol	Binde karbon, betre vasshushaldning, reduserar trong for kunstgjødsel, betre jordhelse.	SMIL God agronomi = god økonomi
Velfungerande kummar	Reduserer jordtap	SMIL

<b>Kva er dei viktigaste tiltaka bonden kan gjere for å redusere klimagassutslepp?</b>		
<b>Kva</b>	<b>Kvifor</b>	<b>Tilskotsordning/Økonomi</b>
Dekke over gjødselkum	Redusere utslepp av ammoniakk, metan og spare næringsstoff	SMIL
Spreiing av hudyrgjødsel med nedlegging	Reduserer nitrogentap og jordpakking	RMP
Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselslange	Reduserer tap av næringsstoff, unngår jordpakking	RMP God agronomi = god økonomi IN: auka lagerkapasitet
Velje optimalt tidspunkt for spreiing av husdyrgjødsel	Reduserer tap av næringsstoff, unngår jordpakking	God agronomi = god økonomi
Optimalisere fôring. Bevisst fôrval	Redusere importbehov	God agronomi = god økonomi
Husdyrgjødsel til biogass	Betre ressursutnytting og mogleg å nytte bioresten til areal med lite organisk materiale	
Gjennomtenkt køyremønster	Reduserar jordpakking og dieselforbruk	God agronomi = god økonomi
Drenering	Redusere lystgassutslepp, redusere jordpakking, auka avling	Dreneringstilskot
Fossilfri oppvarming	Landbruksbygg har store flater som egnar seg for solceller eller solfangerar = redusere straumforbruk. Gardsvarmeanlegg kan fyrast på biobrensel – eige råstoff	Enova/IN
Bygg i tre	Bruk av tre som bygningsmateriale gjer lågare utslepp enn andre materialar, gjev betre inne-klima og trivsel for folk og fe.	IN
La myra vere i fred	Ikkje dyrk i myr. Drenerte myrområde bidreg til tap av Metan og CO2. Myr er og viktige svampar i naturen.	

Kvifor er det viktig å redusere klimagassutslepp?  
 For å motverke klimaendringane må alle sektorar redusere klimagassutslepp, også landbruket. Dei viktigaste klimagassane frå jordbruket er ammoniakk, lystgass, metan

<b>Kva er dei viktigaste tiltaka bonden kan gjere for å auke biologisk mangfald?</b>		
<b>Kva</b>	<b>Kvifor</b>	<b>Tilskotsordning/Økonomi</b>
Halde beiteareala i hevd	Attgroing av beiter fører til tap av biologisk mangfald	SMIL, PT, RMP
Etablere soner for pollinerande insekt		SMIL RMP
Redusere framande artar	Hagerømlingar utkonkurrerer stadeigen vegetasjon.	SMIL
Slått av slåttemark	Halde leveområda for ville pollinerande insekt ved like og for planteartar knytt til slåtteeng	SMIL, RMP, Miljødirektoratet
La myra vere i fred	Myr er viktig leveområde for mange artar	Statsforvaltaren
Bevar selje og hegg	Selje og hegg er viktige om våren for pollinerande insekt	

**Kvifor er det viktig å auke/bevare det biologiske mangfaldet?**

Insekt er essensielle for ein stor del av matforsyninga vår. Insekt er også mat for mange andre artar, nokon er viktige nedbrytarar, nokon fungerer som naturlege fiender for andre artar. Om insektsartar blir borte eller minkar kraftig, trugar det ballansen i økosystemet.